

Avtale mellom

xx kommune og Helse Førde HF

Fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg

Avtale om fagnettverk innan eldremedisin/eldreomsorg

1. Partar

Avtalen er inngått mellom xx kommune og Helse Førde HF.

2. Bakgrunn

Avtalen er heimla i delavtale om gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling mellom xx kommune og Helse Førde HF. Pkt. 4 i delavtalen omtalar felles arena og ordningar for kompetanseheving, kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og framhevar m.a. at det er ønskjeleg at ulike fagnettverk vert vidareutvikla og eventuelt vidareført.

Partane er samde om at fagnettverk med sterkt brukarperspektiv er viktig for kompetanseheving og utvikling av tenestene og samhandlinga.

3. Føremål

Denne avtalen har som føremål å

- vidareutvikle trygge, samordna og tverrfaglege helsetenester til brukarane
- fremje deling av beste kunnskap mellom tilsette i kommune- og spesialisthelsetenesta der tverrfaglege helse- og omsorgstenester til eldre er i fokus
- styrke engasjementet for arbeid med målgruppa
- sikre samordning av ressursbruk knytt til fagutvikling slik at desse instansane samarbeider om felles kompetanssmål:
 - Kommunane/KS
 - Helse Førde
 - Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT)
 - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
 - Høgskulen i Sogn og Fjordane
 - Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane
 - Senter for omsorgsforskning
 - Senter for eldremedisin og samhandling (SESAM)
 - Sjukehusapoteka Vest HF (SAV)

4. Driftsansvar for nettverket

Nettverket vert drive av ei styringsgruppe og ei driftsgruppe, etter modell for «Nettverk for ressursjukepleiarar innan kreftomsorg og lindrande behandling». Driftsgruppa står for den daglege drifta av nettverket, medan styringsgruppa har overordna ansvar for nettverket.

SESAM og USHT skal delta i drift av nettverket. Begge partar har definerte oppgåver knytt til fagnettverksbygging og kan sikre kontinuitet og samordning.

Samarbeidspartane og brukarane skal vere representerte i styringsgruppa.

Kvar av partane dekker eigne utgifter til deltaking i styrings- og driftsgruppa og til deltaking i nettverket. Det skal leggast vekt på å arrangere samlingane på ein måte som inneber avgrensa kostnader for partane.

5. Innhald og representasjon i fagnettverket

Området eldremedisin/eldreomsorg omfattar eit vidt spekter av sjukdomar, funksjonssvikt og konsekvensar av dette. Fysiske, psykiske og sosiale problemstillingar er ofte samanvevde, og dei faglege utfordringane ligg m.a. i å sjå brukaren sine heilskaplege behov. I strategi- og årsplanar vil det vere synleggjort kva tema som er i fokus til eikvar tid, - både utfrå nasjonale satsingsområde og lokale behov.

I utvikling av tenestene vil det vere viktig å nyttiggjere seg brukarkompetansen, vere merksam på korleis ny teknologi kan takast inn i tenestene og sikre god kommunikasjon i overgangane mellom nivå og tenester.

I spesialisthelsetenesta er det naturleg med representasjon i nettverket frå fagområda geriatri/indremedisin, nevrologi, psykiatri, rehabilitering og farmakologi.

Kommunane peikar ut sine representantar frå helse- og omsorgstenesta knytt til både heim og institusjon.

Medlemar i nettverket må ha kompetanse til å drive forbetningsarbeid på eigen arbeidsplass - gjennom klinisk arbeid, samhandling og systemarbeid.

6. Organisering

Nettverket er organisert gjennom driftsgruppa som rapporterer til styringsgruppa. Medarbeidar frå USHT og lokal koordinator i SESAM leiar samlingane i nettverket.

Styringsgruppa skal ha minst eitt møte pr. år og er samansett av

- To representantar frå brukarutvalet i Sogn og Fjordane
- Nettverkskoordinator frå SESAM/Helse Vest
- Rådgjevar i Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering, Helse Førde/Helse Vest
- Representant frå Lærings- og meistringssenteret (LMS)/koordinerande eining
- Kommunalsjef i helse- og sosialtenesta i Førde kommune (med ansvar for USHT)
- To representantar frå kommunane utpeikte av KS ; ein leiar for helse og omsorg eller tilsvarande og ein representant frå forum for sjukeheimslegar
- Ein representant frå Helse Førde; Fag-og utviklingsavdelinga
- Ein representant frå fylkesmannen
- Ein representant frå fylkeskommunen
- Ein representant frå Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Ein representant frå Senter for helseforskning
- Ein representant frå SAV
- Leiar i driftsgruppa

Driftsgruppa skal ha minst to møte pr. år og er samansett av

- Leiar for USHT lokalt
- Lokal koordinator SESAM/Helse Førde
- Tre representantar frå kommunane utpeikte av KS; førstelineleiarar eller fagutviklarar i heimeteneste, institusjon eller fysio- og ergoterapiteneste
- Tre representantar frå Helse Førde; seksjonsleiarar/fagutviklarar i Medisinsk avd., Avd. for nevrologi, revmatologi og rehabilitering (ANRR) og Psykiatrisk klinikk
- Ein representant frå SAV

Oppnemning av representantar til styringsgruppe og driftsgruppe skjer for to år om gongen. Styringsgruppa vel leiar og sekretær for to år om gongen. Leiar og sekretær skal førebu møta. Leiar- og sekretærfunksjonen i driftsgruppa bør tildelast representantane frå USHT og SESAM.

Driftsgruppa står for den daglege drifta av nettverka, og skal drive det praktiske arbeidet med organisering av aktivitetane i nettverket. Partane bør syte for kontinuitet og nyrekruttering i driftsgruppa ved oppnemning av nye representantar. KS oppnemner dei kommunale representantane til styrings- og driftsgruppa.

7. Funksjon og ansvarsfordeling

Styringsgruppa

- Har det overordna ansvaret for nettverket
- Skal følgje opp driftsgruppa sitt arbeid; godkjenne årsplan, årsrapport og vere aktiv i utarbeiding av strategiplanar
- Har ansvar for å sikre ei heilskapleg organisering av nettverket gjennom oppfølging av avtalen
- Skal bidra med evaluering av nettverket, driftsgruppa og styringsgruppa sitt arbeid kvart 2. år
- Skal bidra med å formidle kunnskap om fagfeltet og nettverket sine aktivitetar
- Skal årleg rapportere til koordineringsrådet

Driftsgruppa

- Har ansvar for årsplan, årsrapport og praktisk drift av nettverket.
- Har ansvar for samlingar i nettverket, minst 2 pr. år
- Tilpassar årsplanar til årleg samhandlingskonferanse arrangert av Helse Førde og KS, og til Fylkesmannen si samling for leiarar i helse- og sosialtenesta
- Skal bidra med evaluering av nettverket og av driftsgruppa sitt arbeid kvart 2. år
- Leiar i driftsgruppa rapporterer til styringsgruppa

Funksjon til ressurspersonar i nettverksgruppa

- Utvikle særleg kompetanse innan feltet og vere med i spreing av denne i nettverksgruppa og på eigen arbeidsplass
- Arbeide saman med næraste leiar om utvikling på eigen arbeidsplass
- Bidra til konstruktivt tverrfagleg samarbeid og samhandling
- Ha fokus på brukarmedverknad og på pårørandearbeid
- Delta på samlingar i nettverket
- Gje melding til leiar og styringsgruppa for nettverket i god tid ved permisjon eller avslutning av funksjonen

Arbeidsgjevar sitt ansvar

- Bidra til at målsetjinga for nettverket vert realisert
- Utnemne ressurspersonar, ein eller fleire, til nettverksgruppa
- Identifisere verksemda sitt behov for kompetanse innan eldremedisin/eldreomsorg
- Gje ressurspersonane tid og ressursar til å utøve funksjonen og til å delta på samlingar arrangert av nettverket
- Gje ressurspersonane permisjon med løn og dekking av kostnadar til reise og kursavgift til samlingar arrangert av nettverket
- Bidra til evaluering av nettverket
- Delta i styrings- og driftsgruppa for nettverket

8. Forholdet til rammeavtalen

Føresegner i rammeavtalen gjeld tilsvarende for denne avtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og rammeavtalen, går rammeavtalen føre.

9. Handtering av usemje

Ved usemje skal partane følgje reglane i rammeavtalen.

10. Misleghald

Dersom ein av partane mislegheld sin del av avtalen, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet blir kravd dekka av den som mislegheld avtalen.

11. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 01.11.14, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-5 andre ledd.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember kvart år og syte for jamnleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.

Dato

xx kommune

Helse Førde HF